

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Forvaltningsstyret	22.08.2013	096/13	LTM

Saksansvarleg Lars Terje Meland	Arkiv: K2-M00 Objekt:	Arkivsaknr 13/819
------------------------------------	--------------------------	----------------------

STANDARD ABONNEMENTSFØRESETNADER FOR VATN OG AVLAUP – TEKNISKE FØRESEGNER

Dokumentliste:

Vedlegg: 1.

Saksutgreiing:

Finnøy kommune har i løpet av vinteren 2013 vært igjennom ein omfattande revisjon av det kommunale vassverket. Det har i dette arbeidet kome fram nokre manglar i forhold til kva regelverk og føresegner vassabonntane og kommunen skal forhalla seg til.

Ein har difor valt å gå igjennom det regelverk som i dag gjeld, og eventuelt justera eller korrigera dette, slik at ein får eit regelverk som i stor grad er tilnærma dei nasjonale føresegnene.

Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup er ein vidareføring av normalreglement for sanitæranlegg og er utarbeida av KS for å ivareta ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent i forbindelse med tilknytning til offentlig vatn og avlaupsanlegg.

Abonnementsvilkåra består av: *Administrative føresegner* - som tar for seg juridiske og forvaltningsmessige forhold og *Tekniske føresegner* - som fastlegger krav til teknisk utførsel. Denne nye utgåva frå KS har tatt omsyn til endra krav i regelverket og nye utfordringar som kommunane står overfor, blant anna når det gjelder klimaendringar.

Vilkåras formål er å ivareta det gjensidige ansvarsforholdet mellom kommunen og den enkelte abonnent for å sikra ei trygg utføring av sanitærinntallasjonar i forbindelse med tilknytning til offentlege vass- og avlaupsanlegg.

Vilkåra er slik utforma at ein kan vedta dei uforandra, men det er og muligheit til å leggje inn eigne særføresegner.

Vurdering:

Reglementet for sanitæranlegg kan kommunen fastsette i eigenskap av eigar av vass og avlaupsanlegga. Finnøy kommune godkjente difor i kommunestyresak 004/09 dei *administrative føresegnene* som i hovudsak er tilnærma lik dei nasjonale føresegnene, og som tar for seg dei forvaltningsmessige forholda når det gjeld tenestekjøp/-yting. Dei er utforma slik at dei normale behov for kommunen og den enkelte abonnent er dekkja.

Det vart i det same kommunestyresak vedteke at Finnøy kommune skulle slutta seg til VA-Norm for kommunalt leidningsnett for kommunane Stavanger, Randaberg, Sandnes, Sola, Klepp, Gjesdal, Forsand, Karmøy og Haugesund. Her vart det nok gjort eit mistak, då ein VA-norm berre seier noko om standarden og utføringa på VA anlegga som tiltakshavar / utførande entreprenør må forhalla seg til, og ikkje ein teknisk føresegn som seier noko om

krava til den fysiske tilknytninga for sanitæranlegga til kommunens VA- anlegg, som abonnenten må forhalla seg til.

Dei *tekniske føresegnene* som Finnøy kommune ikkje har vedteke inneheld minimumskrav og funksjonskrav for utføring av sanitæranlegg.

Eit døme på dette er at ein i ein slik teknisk føresegn krev at tilknytninga til kommunalt vatn skal sikrast mot tilbakeslag. Dette kravet er eit av dei viktigaste krava som Mattilsynet syner til når dei har revisjon av vassverka, og som dei også påpeikte i revisjonen for Finnøys kommunale vassverk. Alle berørte partar, både huseigarar, profesjonelle aktørar og kommunalt tilsette, skal kunne ha nytte av å bruke desse abonnementsvilkåra.

Ein ser etter ein gjennomgang av dei tekniske føresegnene at nokre må tilpassas Finnøy kommunes leidningsnett og gjeldande praksis, følgjande presiseringar vil difor gjelde til Standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske føresegner for Finnøy kommune:

Vatn:

1. Frostfri djupne for vassleidningar skal være 1,1 meter, (punkt 2.3.2)
2. Anboring skal liggja minst 2000 millimeter frå spissende, muffe eller kumvegg. Minsteavstand mellom tilknytingspunkt på same røyr er 200 millimeter. I endekum skal anboring utførast etter brannventil eller eventuell spyleventil. Stikkledning større enn DN 110 skal alltid tilknyttas med T-røyr, fortrinnsvis i kum, (punkt 2.3.3)

Avlaup:

3. For ikkje-ventilert botnledning er minste tillete dimensjon DN 63 millimeter, og minstefall 1:60 (punkt 3.1.1.4)
4. Reinseanlegg som olje- og bensinutskiljar og fettutskiljar skal godkjennast av VA- avdelinga i kommunen før montering. (punkt 3.7.1 og 3.7.2)

Kommentar:

Private reinseinretningar skal godkjennast i forhold til gjeldande lovverk. Lovverket påleggje kommunen eit oppfølgingsansvar. Kommunen kan stille vilkår for påslepp til eige leidningsnett. Kommunen må difor få kjennskap til størrelse, plassering osv før montering, slik at abonnenten slepp å gjere ting på nytt. For at kommunen skal kunne føre tilsyn med reinseinretningar, er det viktig å veta når slike blir installert og kvar dei blir plassert.

5. Pumpeanlegg skal godkjennast av kommunen i høve til den praksis som føreligg

Regelverket er ikkje å anse som ei forskrift i forvaltningslovens forstand, og avgjerer treffet i medhald av regelverket er ikkje enkeltvedtak som kan påklagas.

Økonomiske og administrative konsekvenser:

Vedtak om innføring av Standard abonnementsvilkår får ingen økonomiske eller administrative konsekvensar.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Forvaltningsstyre i Finnøy kommune vedtar at *Standard abonnementsvilkåra for vatn og avlaup, administrative og tekniske føresegner*, skal gjelde for tilknytning til Finnøy kommunes vatn- og avlaupsnett frå vedtaksdato, med følgjande tekniske presiseringar:

Vatn:

1. Frostfri djupne for vassleidningar skal være 1,1 meter, (punkt 2.3.2)

2. Anboring skal liggja minst 2000 millimeter fra spissende, muffe eller kumvegg. Minsteavstand mellom tilknytingspunkt på same røyr er 200 millimeter. I endekum skal anboring utførast etter brannventil eller eventuell spyleventil. Stikkledning større enn DN 110 skal alltid tilknyttas med T-røyr, fortrinnsvis i kum, (punkt 2.3.3)

Avlaup:

3. For ikkje-ventilert botnledning er minste tillate dimensjon DN 63 millimeter, og minstefall 1:60 (punkt 3.1.1.4)
4. Reinseanlegg som olje- og bensinutskiljar og fettutskiljar skal godkjennast av VA- avdelinga i kommunen før montering. (punkt 3.7.1 og 3.7.2)

Kommentar:

Private reinseinnretningar skal godkjennast i forhold til gjeldande lovverk. Lovverket påleggje kommunen eit oppfølgingsansvar. Kommunen kan stille vilkår for påsepp til eige leidningsnett. Kommunen må difor få kjennskap til størrelse, plassering osv før montering, slik at abonnenten slepp å gjere ting på nytt. For at kommunen skal kunne føre tilsyn med reinseinnretningar, er det viktig å veta når slike blir installert og kvar dei blir plassert.

5. Pumpeanlegg skal godkjennast av kommunen i høve til den praksis som føreligg

Regelverket er ikkje å anse som ei forskrift i forvaltningslovens forstand, og avgjerer treffet i medhald av regelverket er ikkje enkeltvedtak som kan påklagas.

FOR-096/13 VEDTAK 22.08.2013:

Samrøystes som framlegget frå administrasjonen.